

Fra: Kornerud, Svein <fmhosvk@fylkesmannen.no>
Sendt: tirsdag 26. mai 2020 10:08
Til: Postmottak Alver; post@vlfk.no; Lennart Falkenberg-Arell; Kristin Nåmdal; martin.kullid@alver.kommune.no; Eva Katrine Ritland Taule; lars.petter.klem@vlfk.no; david.sandved@vlfk.no; Sara Sekkingstad; Nils Marton Aadland
Kopi: Hæreid, Gunnar O.; Postmottak FMVL
Emne: Meland kyrkjegard - mekling reguleringsplan

Alver kommune og Vestland fylkeskommune

Mekling i sak om Meland kyrkjegard – plansak i Alver kommune – ref. Vestland fk. 2020/1256 – vår ref. 2019/11776

Eg viser til artikkel i dagens Bergens Tidende s. 11. Eg gjer merksam på at det no også er kjent for Fylkesmannen at kommunestyret i Alver kommune den 14.05.2020 gjorde vedtak om å sende saka til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Før saka kan sendast til departementet til avgjerd, må det vere mekla om tvistetemaet, og meklinga må vere avslutta. Plan- og bygningslova § 5-6 seier at det skal meklast mellom partane. Det går også fram av rundskriv frå departementet og er praksis.

Det var meklingsmøte i saka den 12.12.2019. Meklinga vart ikkje avslutta, då partane skulle ha ytterlegare kontakt for å forsøke å finne ei løysing. Eg viser til vårt brev av 19.02.2020.

Det må meklast ferdig i saka. Slik som den er framstilt i avisa BT i dag, og etter det som går fram av saksutgreiinga til kommunestyret i Alver til møtet den 14.05.2020, er det vår meining at tvistetemaet synast å vere egna for ytterlegare mekling.

Eg gjer merksam på at vi med dette ikkje tar stilling i saka, og at begge partar skal leggje fram sitt syn. Vi berre gjer uttrykk for at meklinga må gjerast ferdig.

Ytterlegare mekling vil no skje ved skype eller teams, ikkje med fysisk møte.

Vi ber om tilbakemelding frå kommunen og fylkeskommunen om at kvar av partane er innstilte på at det skjer ytterlegare mekling og deltar på det. Vi vil då finne passende tidspunkt for det så snart som mogleg.

Med venleg helsing

Svein Kornerud
fagdirektør



Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 55 57 20 27

E-post: fmhosvk@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/vl